

Kommunedelplan for Nørdalen

Oppdragsgivar: Fjord kommune

Oppdrag: Kommunedelplan for Nørdalen 2019-2029

Rapport type: Planomtale med konsekvensutgreiing og ROS

Prosjektnr. 18278

Dato: 01.03.2019, revidert: 24.04.2020

Planomtale med KU og ROS




INNHALDSLISTE

1	FORORD	4
2	BAKGRUNN	5
2.1	OM KOMMUNEPLANENS AREALDEL	5
2.2	GJELDANDE AREALDELPLAN FOR NØRDALEN	6
2.3	RAMMER FOR ARBEIDET	7
2.3.1	NASJONALE FORVENTNINGAR TIL KOMMUNAL PLANLEGGING	7
2.3.2	REGIONALE PLANAR	7
2.3.3	LOKALE UTGREIINAGAR OG KUNNSKAPSGRUNNLAG	7
3	PLANPROSESSEN	8
3.1	FRAMDRIFT OG MEDVERKNAD	8
3.2	ENDRINGAR ETTER AVGRENSA HØYRING	9
4	PLANOMRÅDET	10
4.1	HOVUDTREKK OG VIKTIGE OMSYN I AREALDISPONERINGA	10
4.1.1	ALPINANLEGG OG SKILØYPENETTET OG FRILUFTSAREAL	10
4.1.2	NATURVERDIAR	10
4.1.3	JORDRESSURSAR OG SKOGBRUK	11
4.1.4	KULTURMINNE OG KULTURMILJØ	11
4.1.5	TEKNISK INFRASTRUKTUR	12
4.1.6	SKREDSONER	12
5	ENDRINGAR I PLANKART	13
6	OMFANG AV KONSEKVENSTUTGREIING	14
6.1	METODE	14
6.1.1	METODIKK	14
6.1.2	DATAGRUNNLAG	14
6.1.3	GRUNNLAG FOR VURDERING AV VERKNAD/KONSEKVENST	14
6.1	VURDERINGSTEMA	17
7	KONSEKVENSTUTGREIING	18
7.1	OMRÅDER FOR FRITIDSBUSTADER	18
7.1.1	BFR6 - VURDERING AV GNR/BNR 144/2 OG 144/8-9 (AUST FOR FV.101)	18
7.1.2	BFR9-11 - FRITIDSBUSTADER PÅ EIGEDOM 144/8-9, 144/5, 144/12, 144/7 OG 144/4	21
7.1.3	BFR8 - FRITIDSBUSTADER PÅ EIGEDOM GNR/BNR 144/8-9 (TATT UT AV PLAN ETTER OFFENTLEG ETTERSYN)	24
7.1.4	BFR7 - FRITIDSBUSTADER GNR/BNR 144/5	27

7.1.5	BFR3-5 - FRITIDSBUSTADER PÅ EIGEDOMANE GNR/BNR; 144/11, 144/8-9 OG 144/2	30
7.1.6	BFR2 - FRITIDSBUSTADER PÅ GNR/BNR 146/1 OG 147/1 (TATT UT AV PLAN ETTER OFFENTLEG ETTERSYN)	33
7.1.7	BFR1 - FRITIDSBUSTADER FOR EIGEDOMMANE 140/1, 140/2, 141/1 141/2	36
7.1.8	BRU1 - MASSEUTTAK PÅ MO (JUSTERT ETTER OFFENTLEG ETTERSYN) (JUSTERT ETTER AVGRENSA HØYRING)	39
7.1.9	SKYTEBANE PÅ JØSVOLL (MOTSEGN STØY OG TILKOMST)	42
7.1.10	BSA1 - BOTNSTASJON TIL GONDOL (OMRÅDE ER TEKE UT ETTER AVGRENSA HØYRING)	45
7.1.11	FRAMTIDIG SAMLEVEG	48

8 SAMLA VERKNAD AV PLANFORSLAGET **51**

8.1	SAMLA VERKNADER ETTER UTGREIINGSTEMA	51
8.2	ROS-ANALYSE	52

		Prosjektnr: 18278	Dato: 17.06.2019		
Status /Rev:	Rev. gjeld:	Dato:	Sign:	KS:	
0	Utkast	01.03.19	HVS	ASS	
0	Til 1. handsaming				
1	Revisjon – beskriv.	17.06.19	HVS		
2	Revisjon etter avgrensa høyring	24.04.20	AT		
Kontaktinformasjon: Nordplan AS Pb 224 6771 Nordfjordeid Tlf: 57 88 55 00 www.nordplan.no			Kundeinformasjon: Fjord kommune		
Prosjektleder: Halvard V. Straume					
Medarbeidarar: Halvard V. Straume			Sign: HVS		
Kontrollert av: Anette S. Solbakk			Sign: ASS		

1 Forord

Stordal kommune har arbeidd med å revidere kommunedelplan for Nørdalen. Nordplan har bidratt med å ferdigstille planprogrammet etter offentlig ettersyn, samt utarbeide plankart, planomtale og konsekvensutgreiing. I prosessen har Stordal kommune blitt til Fjord kommune gjennom samanslåing med Norddal kommune. Som konsekvens finst det, basert på historikken, referansar i plandokumenta til både Fjord kommune og Stordal kommune.

Kommunen har sjølv revidert føresegnene og gjennomført medverknadsprosessar. Stordal kommune har også vore ansvarleg for å vurdere kva områder som skulle vurderast vidare i ei konsekvensutgreiing.

2 Bakgrunn

Plankonsulent Nordplan AS utarbeider på vegne av Stordal kommune planomtale, plankart og konsekvensutgreiing som legg rammer og føringar for kommunedelplan for Nørdalen.

Kontaktpersonar:

Kommunen: Trond Alstadsæter og Martin Flatmo Hove


Nordplan AS: Halvard V. Straume

2.1 Om kommuneplanens arealdel

Kommuneplanen er kommunens overordna styringsverktøy. Kommuneplanen inneheld ein samfunnsdel, arealdel og ein handlingsdel. Denne planen er ein delplan av arealdelen og omhandlar Nørdalen.

Kommuneplanens arealdel er del av kommunens langsiktige plangrunnlag og skal legge rammene for den framtidige arealbruken. Kommuneplanens arealdel angir hovudtrekka i arealdisponeringa og kva rammer som gjeld for nye tiltak og ny arealbruk som kan settast i verk, samt viktig omsyn som må takast ved disponering av areala.

Arealdelen inneheld plankart, føresegn og planomtale. Konsekvensutgreiing, ROS-analyse og vurdering av verknader inngår som ein del av planomtalen.



Figur som synar planhierarkiet.


2.2 Gjeldande arealdelplan for Nørdalen

Arealdelplanen for Nørdalen vart vedteken for perioden 2007-2017. I denne perioden har det vært stor aktivitet innanfor planområde, og område er utvikla med nye skiløyper og hyttefelt. I gjeldande plan er utbygging av hytter konsentrert rundt alpinanlegget og skiløpenettet i den øvre delen av dalføret. I gjeldande plan ligg det inne ei arealutviding av alpinanlegget i retning Sandfjellet, samt illustrasjonslinjer for vidare utvikling av anlegget sørvestover.

Planområdet er eit viktig regionalt utfartsområde. Dette på grunn av alpinanlegget, og på grunn av turmoglegheitene i området.

I den siste tida har det vore fleire plan- og byggesaker som kan tyde på eit behov for endringar av planen. Dette gjeld særleg føresegn knytt til materialbruk, takform og utnyttingsgrad.

Det vert også påpekt at hovudvegen (fv. 101) ikkje er dimensjonert for å takle dei store utfartsdagane, spesielt på vinterstid.



Figuren er eit utklipp av plankartet for arealdelplan for Nørdalen 2007-2017.

2.3 Rammer for arbeidet

2.3.1 Nasjonale forventningar til kommunal planlegging

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging ble vedteken 12. juni 2015. Regjeringa sine forventningar er formulert innafor følgende tre hovudtema:

- Gode og effektive planprosessar
- Berekraftig areal- og samfunnsutvikling
- Attraktive og klimavennlege by- og tettstadsområde

Andre nasjonale føringar

Sentrale lover og retningsliner som gjer føringar for kommunal planlegging

- Naturmangfaldsloven
- Lov om friluftsliv
- Jordloven
- Kulturminnelova
- Plan- og bygningsloven
- Skogbruksloven
- Vassressursloven
- Forskrift om konsekvensutgreiing for planar etter plan- og bygningsloven
- Nasjonal jordvernstrategi
- Retningsliner for behandling av støy i arealplanlegging
- Rikspolitiske retningsliner for universell utforming
- Rikspolitiske retningsliner for verna vassdrag
- Rikspolitiske retningsliner for å styrke barn og unges interesser i planlegginga
- Rettleiar for planlegging av fritidsbustader

2.3.2 Regionale planar

- Regional planstrategi
- Fylkesplan 2017-2020 for Møre og Romsdal
- Fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde
- Regional delplan for folkehelse
- Regional delplan for klima og energi
- Regional delplan for kulturminne
- Regional plan for vassforvaltning for Møre og Romsdal vassregion

2.3.3 Lokale utgreiinagar og kunnskapsgrunnlag

Planstrategi

Det er gjennom planstrategi for Stordal kommune 2017-2020 vedteke oppstart av rullering av arealdelplan for Nördalen.

I tillegg er det lagt ned generelle kommunale målsettingar:

- 10 % reduksjon i klimagassutslepp innan 2020. Fremje helse, trivsel, sosiale og miljømessige forhold, og førebygging av psykisk og somatisk sjukdom, skade eller liding, bidra til utjamning av sosiale helseskilnader og beskytte befolkninga mot faktorar som kan ha negativ innverknad på helse. I tillegg skal universell utforming vere gjennomgåande for all planlegging i Stordal kommune.

Kommuneplanens samfunnsdel 2014-2023

I kommuneplanens samfunnsdel er det også vedtatt mål, strategiar og konkrete tiltak for utviklinga av kommunen.

Følgande strategiar trekkast fram som særleg viktig for arbeidet med kommunedelplan i Nørdalen:

- Stordal kommune vil bidra til ei berekraftig utvikling av natur- og kulturressursar. Det skal vere eit gjensidig positivt forsterkande samspel mellom miljømessig-, kulturell-, sosial og økonomisk verdiskapning. Arealdisponering og forholdet mellom bruk og vern av areal skal takast opp i samband med neste rullering av arealplanen.
- Stordal kommune vil tilrettelegge og sikre areal til friluftsmål.
- Kommunen må halde fram med å leggje til rette for auka fysisk aktivitet, vidareutvikle gode møteplassar og helse- og trivselsfremjande tiltak som gang- og sykkelveggar.

Med bakgrunn i dette vil det i planarbeidet være særleg viktig å legge til rette for fysisk aktivitet, legge til rette for- og sikre areal til friluftsmål, samt utvise aktsemd med tanke på natur- og kulturressursar i området.

Andre kommunale føringar

- Retningslinjer for vern, skjøtsel og bruk av verneverdige sæterstølar i kommunane Norddal og Stordal

3 Planprosessen

3.1 Framdrift og medverknad

Arbeidet med planprogrammet ble starta i november 2017 og ble lagt ut til offentlig ettersyn i samband med varsel om oppstart i januar 2018. Revidert planprogram ble endeleg fastsatt i november 2018. I perioden ein har jobba med å ferdigstille planprogrammet har det vært gjennomført ein rekkje medverknadsprosessar.

Arbeidsopplegg

Arbeidet med rulleringa er, som ved tidlegare rulleringar, organiserast ved hjelp av tre grupper:

- Styringsgruppe
- Prosjektgruppe
- Referansegruppe.

Styringsgruppa er formannskapet og bestemmer rammer og føringar for arbeidet som skal gjerast av prosjektgruppa.

Prosjektgruppa er ansvarleg for utføring av arbeidet. Denne består av rådmann, teknisk sjef, planleggar, kulturkonsulent, landbrukssjefen, folkehelsekoordinator og barnerepresentant.

Referansegruppa har som føremål å gje tilbakemelding i form av råd, innspel og uttale til arbeidet. Aktørar som Øvre Stordal Vel, Arena Overøye, Langsæterlaget og tilsvarande har vert invitert til å bidra.

Medverknad og informasjon

Det har vært viktig at alle interessentar har hatt høve til å gje sine innspel i prosessen.

Gjennomførte medverknadsprosessar:

- Arrangering av åpent folkemøte om arealdelplanen i Grendasalen 5.mars 2018
- Kartlegging av stier, turveger og viktige områder innafør planområdet (haust 2018)
- Barnerepresentanten har vært være del av prosjektgruppa. Dette for å sikre at barn og unges interesser vert ivaretatt i planarbeidet.
- I samband med offentleg ettersyn av planen tenkjer ein å gjennomføre eit folkemøte.

3.2 Endringar etter avgrensa høyring

Endringar som er gjort i plandokumenta etter avgrensa høyring. Jf. dokument «Merknader etter avgrensa høyring».

Plankart:

- Traseen og stasjonsområde for gondolbanen vert teke ut av planen.
- Naturtypelokaliteten ved BRU1 er sletta og teken ut av plankartet. Jf. Rapport «Overvåking av solblom på Søre Sunnmøre, Møre og Romsdal, i 2019».
- Område for skytebane er teke ut av planen. Arealformål LNF.
- BRU1 vert utvida i sør til grensa i vest på bustadformålet i gjeldande plan.
- H66 vert flytta til gnr. 136, bnr. 7.
- Setrane og dei andre kulturmiljøa får SOSI-kode, H570. Dei freda kulturminna markerast som bandlagte områder (H730).

Føresegner:

- Vurdering av støytilhøva er juridisk bindande. Samt at tabell 3 i T-1442 skal gjelde for støyfølsame bygningar.
- Byggegrensa vert ikkje lagt inn i plankartet, men storleiken på nedbørsfeltet som vilkår i føresegnene. Elvar der vassløp med oppstraums nedslagsfelt mindre enn om lag 20 km² har forbod mot tiltak i ein avstand på 20 m og for dei med større nedslagsfelt enn 20 km² er avstanden 100 m.
- §8.2: kva aktsemdskart som ligg til grunn for omsynssone Skredfare H310.
- §9.2 Temakart 2: Reguleringsplanar som framleis skal gjelde. Juridisk bindande.
- Føresegn § 8.4 delast opp i H570 og H730
- Mindre endringar og tillegg som følgje av kommunesamanslåinga til Fjord.

Planomtale:

- Avsnitt som klart gjer greie for kva aktsemdskart som ligg til grunn for omsynssone Skredfare H310.
- Mindre endringar og tillegg som følgje av kommunesamanslåinga til Fjord.

4 Planområdet

4.1 Hovudtrekk og viktige omsyn i arealdisponeringa

4.1.1 Alpinanlegg og skiløypenettet og friluftsansal

Området omfatta av planen har dei seinare åra erfart ei stor endring på grunn av utbygging og fleire tilreisande. Etterspurnaden etter fritidstilbod og fritidsbustader er i oppadgåande trend, og tilgangen til skianlegg og turområde for friluftsliv er viktige årsaker til dette. Difor har det i arbeidet vært viktig å verne om desse kvalitetane. Omsynet til alpinanlegg, skiløyper og turområde har vært førande for utforming av planen.

Når det gjeld kryssingspunkt mellom skiløyper og bilveg er det tre stykk som merkar seg. Ved Kvitlebrua, Puskebrua og vegen til Fokkhaugfeltet. Ved Kvitlebrua føreligg det planar for å skilje skiløypenettet frå vegnettet, det same er ynskjeleg å gjere ved Puskebrua. I Fokkhaugfeltet har ein av økonomiske årsaker vurdert planskilt kryssing som mindre aktuelt. Her vil eit alternativ vere å vinterstenge vegen og legge opp til omkøyning via felta rundt Pusken. Som hovudregel skal ein leggje til rette for planskilte kryssingspunkt. Der dette ikkje er hensiktsmessig, skal det leggest til rette for trafikktryggingstiltak der skiløypenettet har hovudprioritet.

I gjeldande kommunedelplan (2007-2017) ligg det inne ei arealutviding av alpinanlegget i retning Sandfjellet. Denne utvidinga er vidareført i ny plan, men en har teke ut illustrasjonslinjer som viser ei mogleg utviding vidare sørvestover. Illustrasjonslinjene er teke ut på grunn av at det er vurdert som lite sannsynleg at det vert etablert alpinanlegg i dette området, samt av omsyn til naturmangfald og friluftslivsinteresser.

Innanfor området som er avsett til alpinanlegg er det eit ynskje å etablere ein gondol. Stordal kommune meiner ei slik utvikling er i samsvar med intensjonane i kommunedelplanen frå 2007-2017 og har difor opna for dette i ny plan også. En vil likevel påpeke at ei vidare utvikling av alpinanlegget må skje gjennom ein samla reguleringsplan for heile anlegget. Ved utarbeiding av ein slik reguleringsplan vil det bli krav om konsekvensutgreiing av blant anna landskapsbilete og naturmiljøet. Med bakgrunn i ein reguleringsplan vil det kunne bli endringar i forhold til kommunedelplankartet.


4.1.2 Naturverdiar

Det er registrert fleire naturtypar innanfor planområdet. Dei største ligg i sidedalar og opp mot høgfjellet, men det er også viktige naturtypar tett på utbyggingsområde. Av utvalde naturtypar er det i hovudsak slåttemark.

Det ligg eit naturreservat innanfor planområde. Dette er Seljebotsmyrane og området er sikra i plankartet.

Det er gjort fleire funn av artar med særleg stor forvaltningsinteresse, og planområdet er artsrikt.

Stordalsvassdraget ble vernet i 1986 (verneplan 3) og rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag er førande for arealplanlegginga i verneområdet.



Figuren syner avgrensinga av Seljebotsmyrane naturreservat. Kjelde: www.gislink.no

I planarbeidet har ein vurdert behovet for ei grense som skal sikre viktige naturverdiar, spesielt med tanke på natur- og friluftslivet. Denne «markagrensa» tek utgangspunkt i byggje- og tiltaksområda i gjeldande kommunedelplan (arealdelplan for Nørtdalen 2007-2017). I ny plan anbefaler ein at den vidare utviklinga av Nørtdalen bør skje som fortetting innanfor eksisterande utbyggingsområde. Den ytre grensa for utvikling er markert som ei formålslinje i plankartet. Denne formålslinja grenser mot areal som er markert som LNF1 i plankartet. I LNF1 er det ikkje opna for utbygging og det er ikkje tillat med nye stiar, løyper og vegar utanom enkel vedlikehald av turstiar.

4.1.3 Jordressursar og skogbruk

Jordbruksinteresser

Det er en del fulldyrka mark og innmarksbeite i området, spesielt frå Overøyane og sørover, men også rundt dei gamle stølsområda. Dette er eit krevjande landbruk å drive jordbruk i, og moglegheita for nydyrking er svært avgrensa. Difor er det spesielt viktig å ta vare på dyrkamarka som er i området.

Skogbruksinteresser

Det er skogbruksinteresser i området, men det er mindre mengder som takast ut i dag. Ei orsak til dette er vegstandarden langs fylkesveg 101 som ikkje toler frakt av større mengder tømmer.

4.1.4 Kulturminne og kulturmiljø

Det føreligg fleire registreringar av automatisk freda kulturminne i Nørtdalen. De er i hovudsak lokalisert utanfor pressområda. Ut over de automatisk freda kulturminna er det kulturmiljø av regional og nasjonal verdi. Tre av disse kulturmiljøa er bygningsmiljø i form av klyngetun eller stølsområde som ligg i områder med utbyggingspress. Dette gjeld spesielt stølsområda.

Det er mange SEFRAK-registrerte bygg i området. Fleire av disse bygga inngår som del av eldre gardstun.

At området er rikt på kulturminne var eit av argumenta for å verne Stordalselva.

4.1.5 Teknisk infrastruktur

Fylkesveg 101 er hovudvegen inn i området. Veggen er smal og har møtelommer langs heile strekninga. På store utfartsdagar er det mykje trafikk langs veggen og den er underdimensjonert i forhold til disse trafikktoppene. Vegens standard avgrensar også moglegheita for å auke omfanget av tømmerhogst i dalen.

Disse forholda har i planarbeidet blitt diskutert med vegeigar. Kommunedelplanen er i seg sjølv ikkje ei hindring for utbetring av veggen. Konkrete utbetringstiltak må eventuelt vurderast på eit meir detaljert plannivå. Per i dag er ikkje strekninga prioritert av vegeigar.

Det er einigheit mellom kommune og vegeigar at det ikkje vil være naudsynt å stille rekkjefølgjekrav til utbetring av fylkesvegen for nye utbyggingstiltak i området.

4.1.6 Skredsoner

Innanfor planområdet er aktsemdskartet for Snøskred og steinsprang (NGI) brukt, og der dei ikkje er dekkande har vi nytta dei landsdekkande karta for Steinsprang, Snøskred (NVE) samt aktsemdkarte for Jord- og flaumskred (NVE).

Geolog Einar Anda har gjennomført skredvurderingar innanfor enkelte utbyggingsområde. Aktsemdsona (omsynssone H310) i plankartet er justert slik at dei områda som ligg utanfor reell skredfare etter ei vurderinga til Einar Anda, er teke ut av sona.

5 Endringar i plankart

Endringar i plankartet som er konsekvensutgreidd			
Fritidsbustader			
Kapittel i KU	Forslagsstillar	Område	Storleik
7.1.1	ProESS, Stordal alpin senter og Arena Overøye AS	BFR6; Gnr/bnr 144/2 og 144/8-9 8aust for fv.101)	14,5 daa
7.1.2	ProESS, Johan Arnt Overøye og Stig Busengdal	BFR9-11; Gnr/bnr 144/8-9, 144/5, 144/12, 144,7 og 144/4	10,6 daa
Tatt ut av plan 7.1.3	ProESS	BFR8; Gnr/bnr 144/8-9	7,2 daa
7.1.4	ProESS	BFR7; Gnr/bnr 144/5	14,6 daa
7.1.5	ProESS, Stordal alpin senter og Arena Overøye AS	BFR3-5; Gnr/bnr 144/11, 144/8-9 og 144/2	21,7 daa
Tatt ut av plan 7.1.6	Hildegunn Berli, Dagfinn Berli og Harry Tøsse	BFR2; Gnr/bnr 146/1 og 147/1	100,7 daa
7.1.7	Stig Nakken, Per Støle, Marit Lianes og Stein Lianes	BFR1; Gnr/bnr 140/1, 140/2, 141/1 og 141/2	271,4 daa
Råstoff utvinning			
7.1.8	Kjell Magne Mo	BRU1; Masseuttak på Mo	34 daa
Idrettsanlegg			
Motsegn 7.1.9	Stordal Skytterlag	Skytebane på Jøsvoll	25,4 daa
Samferdsel			
7.1.11	Stordal kommune	Ny samleveg/tilkomst i Seljebotn	

I tillegg er det gjort mindre endringar i plankartet:

- Tilpassing av formålsgrenser til vedtekne reguleringsplanar.
- Justering av formålsgrenser i samsvar med eigedomsgrenser/bygningar.
- Innteikning av skiløypetrase' som ikkje krev fysiske inngrep i landskapet.

6 Omfang av konsekvensutgreiing

Konsekvensutgreiinga skal vurdere verknad for miljø og samfunn for nye utbyggingsformål og tiltak som blir lagt ut i kommuneplanen. Skildring av verknad blir gitt både for einskildområde og som samla verknad av arealbruksendringane. Det er overordna vurderingar som blir gjort, men med avklaring av ev. krav om detaljvurdering på reguleringsplannivå.

6.1 Metode

6.1.1 Metodikk

Rettleiia T-1493 av 03.08.2012, konsekvensutredning av arealdelen til kommuneplanen, er nytta som metode for konsekvensutgreiinga.

6.1.2 Datagrunnlag

Vurderingane byggjer på datagrunnlaget i frå følgjande databasar og rapportar: Naturbase, NVE sine kartløyisingar, NGU sine kartløyisingar, Askeladden (kulturminnebase), gislink, kommunale og fylkeskommunale samt fylkesmannens informasjonssider, samt kommunale informantar.

6.1.3 Grunnlag for vurdering av verknad/konsekvens

Konsekvens av arealbruk kjem fram med hjelp av ei samanstilling av verdi og omfang.

$$\text{Verdi} \times \text{omfang} = \text{konsekvens}$$

Verdi

Verdiar knytt til miljø og samfunn er gradert med liten, middels og stor.

I verdifastsettinga er det lagt til grunn eksisterande registreringar/kartleggingar gradert etter om det er nasjonalt, regionalt og lokalt nivå. Ingen førekomstar eller kartlegging gir liten verdi.

Lokalt nivå = liten verdi

Regionalt nivå = middels verdi

Nasjonalt nivå = stor verdi

Omfang

Omfang/påverknad av det enkelte tiltaket i forhold til o-alternativ. o-alternativet tilsvara sannsynleg utvikling av området utan utbygging.

Det er nytta slik skala for omfangsvurdering:

-3	-2	-1/0/+1	+2	+3
<i>Stort negativt omfang</i>	<i>Middels negativt omfang</i>	<i>Lite eller ubetydeleg omfang</i>	<i>Middels positivt omfang</i>	<i>Stort positivt omfang</i>
Øydelegg	Reduserer verdien	Ingen inverknad	Betring	Stor betring

Konsekvens

Skala for vurdering av konsekvens blir då slik tabellen under viser.

Konsekvens	Omfang \ verdi	Liten	middels	stor
	Stort positivt	+2	+2/+3	+3
	Middels positivt	+ 1	+ 2	+3
	Lite/ubetydeleg	0	0	0/+1
	Middels negativt	-1	-2	-2/-3
	Stort negativt	-2	-2/-3	-3

Samfunnstryggleik, ROS

Trafikklysfargane er nytta i analysen som illustrasjon av konsekvensnivå for ROS-vurdering. Grønt er lik ikkje signifikant risiko, gult er akseptabel risiko og raud er uakseptabel risiko.

Hending	Risiko	Tiltak
Hending i grønt felt:	Ikkje signifikant risiko	Risikoreduserande tiltak kan vurderast. Fleire risikoreduserande tiltak av vesentleg karakter skal gjennomførast når det er mogleg ut frå økonomiske og praktiske vurderingar.
Hending i gult felt:	Akseptabel risiko (ALARP-sone = As Low As Reasonable Practicable).	Tiltak må vurderast/ gjennomførast for å redusere risikoen så mykje som råd. Det vil ofte vere naturleg å leggje ein kost–nytteanalyse til grunn for vurdering av endå fleire tiltak som kan redusere risiko.
Hending i raudt felt:	Uakseptabel risiko	Tiltak må setjast inn for å redusere til grøn/gul. Her skal risikoreduserande tiltak gjennomførast, alternativt skal det utførast meir detaljerte ROS-analysar for ev. å avkrefte risikonivået.

6.1 Vurderingstema

Følgjande vurderingstema knytt til miljø og samfunn er nytta:

Tema	Undergruppering
MILJØ	
Jordvern	Landbruk, dyrkamark, beitemark, driftsgrunnlag, skogbruk, verneskog, kulturlandskap
Naturmangfald	Viktige naturtypar, biologisk mangfald, vilt, verna område og /artar
Kulturminner og kulturmiljø	Freda bygg og anlegg, fornminne, bygningsmiljø, SEFRAK-registrerte bygg
Landskap	Nær og fjernverknad av tiltak
Nærmiljø og friluftsliv	Friluftsliv- og rekreasjonsområde, folkehelse
Barn og unge	Områder nytta av barn og unge
SAMFUNN	
Teknisk infrastruktur	Veg, vatn og kloakk, gang- og sykkelveg, straum/energi,
Samfunnstryggleik ROS	Beredskap (utrykking brann/lege), grunnforhold, skred, flaum, stormflo og havnivåstigning, nedbør og overflatevatn, dambrot, støy, elektromagnetiske felt, avfall/deponi, eksplosjonsfare, kjemikalier, ureining.
Forhold til framtidig utbyggingsstrategi	I tråd med prioriteringar i samfunnsdelen

Samla vurdering og konklusjon


På bakgrunn av vurderingane i skjemaet ovanfor blir avveging av verknad gjort og konklusjon trekt om området kan utbyggast eller ikkje ev. på kva vilkår det kan utbyggast.

7 Konsekvensutgreiing


7.1 Områder for fritidsbustader

7.1.1 BFR6 - Vurdering av gnr/bnr 144/2 og 144/8-9 (aust for fv.101)

I gjeldande kommunedelplan for Nørdalen er området regulert til LNF. I forslag til ny plan er det foreslått å regulere arealet til fritidsbustader.



Utsnitt av gjeldande kommunedelplan.

Formål/bruk i dag	Området er i dagens arealplan avsett til LNF. Området er delvis gjengrodd og er ikkje i bruk til landbruksverksemd og har ingen funksjon utover å være eit grønt område.	Forslag til endring: 
Planstatus	Ikkje reguleringsplan	
Forslag til ny arealbruk	Det er foreslått å regulere området til fritidsbustader.	
Arealstorleik	Ca. 14,5 daa	
Forslagsstillar	Skriftleg innspel; ProESS, Stordal alpinsenter AS og Arena Overøye AS	
Skildring	Området ligg rett aust for alpinanlegget og grensar til kommunal veg. Områda nord, sør og vest for område er avsett og delvis utbygd til fritidsbustader. Arealet er ikkje brukt til landbruksverksemd eller andre funksjonar av allmenn interesse.	

Tema	Verdi	Om- fang	Konse- - kvens	Kommentar
MILJØ				
Jordvern	+1	-1	0/-1	Halve området er i arealressurskart registrert som innmarksbeite, men vert ikkje nytta til føremålet i dag. Den øvrige delen av området er skog med høg til særskilt høg bonitet.
Natur- mangfald	+1	-1	0/-1	Beitemark på deler av området. Ingen registrerte truga eller sårbare artar i området (Miljøstatus Norge).
Kultur- minner og kulturmiljø	0	0	0	Ingen registrerte kulturminner/kulturmiljø (Askeladden, gislink).
Landskap	+1	0	0	Område ligg i tilknytning til hyttefelt, alpinanlegg og skiløypetrasear. Området ber preg av utbygging og utvikling. Området framstår som eit restareal.
Nærmiljø og friluftsliv	+1	0	0	Nørdalen er i seg sjølv eit viktig friluftsområde, men det aktuelle utbyggingsområdet har ingen viktig funksjon i den samanheng. Området har også liten verdi for nærmiljøet.
Barn og unge	+1	0	0	Det er ikkje kjennskap til at barn og unge bruker området.
SAMFUNN				
Teknisk infra- struktur	+1	+1	0/+1	Planområdet grenser til kommunal hovudveg og ligg innanfor eit etablert utbyggingsområde. det ligg godt til rette for at foreslått utbyggingsområde kan kople seg på eksisterande infrastruktur.
Forhold til framtidig ut- byggings- strategi	+1	+2	+1	Nørdalen er eit satsingsområde for hyttebygging og friluftsliv. Både kommune og sentrale aktørar i området påpekar at dei ynskjer utviklinga skal konsentrere seg rundt alpinanlegget, og at dagens byggeområder bør være den ytre grensa for utbygging i øvre del av Nørdalen. Foreslått område passer godt inn i overordna strategi.

SAMFUNNSTRYGGLEIK, ROS				
	Ikkje signifikant	Akseptabel	Uakseptabel	
Naturreisiko		Flaum	Jord- og flaums kred	Område ligg delvis innanfor aktsemdsområde for flaum. Flaumkartet frå NVE er svært unøyaktig i dette området. Med bakgrunn i høgdeforskjellen vurderer ein at det ikkje er sannsynleg med flaum, og at avbøtande tiltak ikkje er naudsynt. Området er råka av aktsemdsområde for jord- og flaumskred. Området vil markerast i plankartet og det vil være krav om reell farevurdering ved regulering av området.
Verskemdirisiko				Ingen verksemdar
Beredskap				Brannutrykking frå Stordal, under 16 minutt køyretid. Området grensar til hovudveg og vil være lett tilgjengeleg.
Støy og ureining		Støy		Det føreligg ikkje tall på årsdøgntrafikk (ÅDT) langs den kommunale vegen, men noko lengre sør langs fylkesvegen er det i vegvesenets database registret ein ÅDT på 320. Ein antar at ein har ei likt trafikkbilete langs den kommunale vegen. Bygg tett inntil hovudveg kan difor ligge i gul støysone. Støy må vurderast nærare ved detaljregulering.


Samla vurdering og konklusjon

Med bakgrunn i vurderingar gjort under kvart enkelttema i skjemaet, ser ein at området er godt eigna til utbygging. Negative konsekvensar av utbygging vil være låge, og området ligg tett på teknisk infrastruktur og er i tråd med overordna utbyggingsstrategiar.

Det vert vurdert som lite sannsynleg at det er uakseptabel risiko eller spesielt sårbare forhold knytt til området. Det må likevel gjerast ei reell farevurdering av forhold knytt til skred, flaum, og støy på reguleringsplannivå.

7.1.2 BFR9-11 - Fritidsbustader på eigedom 144/8-9, 144/5, 144/12, 144/7 og 144/4

Eigedomane som vert vurdert utgjer tre utvidingar av eit eksisterande utbyggingsområde. I gjeldande kommuneplan er utbyggingsområdet avsett til fritidsbustader, mens ønska utviding vil leggje beslag på område avsett til LNF.



Utsnitt av gjeldande kommunedelplan. Raude sirkalar markerer ønska utviding.

Formål/bruk i dag	Området er i dagens arealplan avsett til LNF, men grensar til eit eksisterande område for fritidsbustader.	Forslag til endring:
Planstatus	Ikkje reguleringsplan	
Forslag til ny arealbruk	Det er foreslått å regulere områda til fritidsbustader.	
Arealstorleik	Samla: 10,6 daa	
Forslagsstillar	Skriftleg innspel; ProESS, Johan Arnt Overøye og Stig Busengdal	

Skildring	Området ligg rett nord for alpinanlegget og grensar til kommunal veg. Dei tre utbyggingsområda er utvidingar av eit eksisterande utbyggingsområde for fritidsbustader. Areala er ikkje brukt til landbruksverksemd eller andre funksjonar av allmenn interesse.
------------------	-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

Tema	Verdi	Om- fang	Konse- - kvens	Kommentar
MILJØ				
Jordvern	+1	0	0	Ønska utviding er i skogsområde, og er ikkje i konflikt med landbruksinteresser.
Natur- mangfald	+1	0	0	Det er ikkje registrert viktige naturtypar innanfor område. Det er heller ikkje registrert truga eller sårbare artar i området (Miljøstatus Norge).
Kultur- minner og kulturmiljø	0	0	0	Ingen registrerte kulturminne/kulturmiljø (Askeladden, gislink).
Landskap	+1	0	0	Område ligg i tilknytning til hyttefelt, alpinanlegg og skiløypetrasear. Området ber preg av utbygging og utvikling.
Nærmiljø og friluftsliv	+1	0	0	Utvidingane legg ikkje beslag på viktige nærmiljø- eller friluftsområde.
Barn og unge	+1	0	0	Det er ikkje kjennskap til at barn og unge bruker området.
SAMFUNN				
Teknisk infra- struktur	+1	+1	0/+1	Planområdet grensar til kommunal hovudveg og ligg innanfor eit etablert utbyggingsområde. Det ligg godt til rette for at foreslått utbyggingsområde kan kople seg på eksisterande infrastruktur.
Forhold til framtidig ut- byggings- strategi	+1	+2	+1	Både kommune og sentrale aktørar i området påpekar at dei ynskjer utviklinga skal konsentrerast rundt alpinanlegget. Foreslått område passer godt inn i overordna strategi.

SAMFUNNSTRYGGLEIK, ROS				
	Ikkje signifikant	Akseptabel	Uakseptabel	
Naturrisiko			Snøskred	Område ligg innanfor aktsemdsområde for snøskred og steinsprang. Det må i samband med reguleringsplan gjerast vurderingar av den reelle skredfaren. (Tilgrensande område er delvis utbygd og vurdert som trygt.)
Verskemdrisiko				Ingen verksemdar
Beredskap				Brannutrykking frå Stordal, under 16 minutt køyretid. Området grensar til hovudveg og vil være lett tilgjengeleg.
Støy og ureining		Støy		Det føreligg ikkje tall på årsgjennsnitt (ÅDT) langs den kommunale vegen, men noko lengre sør langs fylkesvegen er det i vegvesenets database registrert ein ÅDT på 320. Ein antar at ein har ei likt trafikkbilete langs den kommunale vegen. Bygg tett inntil hovudveg kan difor ligge i gul støysone. Støy må vurderast nærare ved detaljregulering.


Samla vurdering og konklusjon

Området er godt eigna til utbygging. Negative konsekvensar av utbygging vil være låge. Området ligg tett på teknisk infrastruktur og er i tråd med overordna utbyggingstrategiar.


Det vert vurdert som lite sannsynleg at det er uakseptabel risiko eller spesielt sårbare forhold knytt til området. Det må likevel gjerast ei reell farevurdering av forhold knytt til skred og støy på reguleringsplannivå.

7.1.3 BFR8 - Fritidsbustader på eigedom gnr/bnr 144/8-9 (tatt ut av plan etter offentleg ettersyn)

Eigedomen som vert vurdert til fritidsbustader ligg mellom to utbyggingsområde. Arealet er i gjeldande kommunedelplan avsett alpinanlegg.



Utsnitt av gjeldande kommunedelplan. Raude sirklar markerer område.

Formål/bruk i dag	Området er i dagens arealplan avsett til idrettsanlegg/alpinanlegg, men grensar til to eksisterande byggeområder.	Forslag til endring: 
Planstatus	Ikkje reguleringsplan	
Forslag til ny arealbruk	Det er foreslått å regulere områda til fritidsbustader.	
Arealstorleik	7,2 daa	
Forslagsstillar	Skriftleg innspel; ProESS	
Skildring	Området grensar til alpinanlegget og kommunal veg. Området er eit fortettingsområde mellom to eksisterande utbyggingsområde. Areal er ikkje brukt til landbruksverksemd eller andre funksjonar av allmenn interesse. Arealet er heller ikkje nytta til alpinanleggføremål.	

Tema	Verdi	Om- fang	Konse - kvens	Kommentar
MILJØ				
Jordvern	+1	0	0	Ønska utviding er i skogsområde, og er ikkje i konflikt med landbruksinteresser.
Natur- mangfald	+1	0	0	Det er ikkje registrert viktige naturtypar, eller truga/sårbare artar i området (Miljøstatus Norge).
Kultur- minner og kulturmiljø	0	0	0	Ingen registrerte kulturminne/kulturmiljø (Askeladden, gislink).
Landskap	+1	0	0	Område ligg i tilknytning til hyttefelt, alpinanlegg og skiløypetrasear, og ber preg av utbygging og utvikling.
Nærmiljø og friluftsliv	+1	0	0	Utvidingane legg ikkje beslag på viktige nærmiljø- eller friluftsområde.
Barn og unge	+1	0	0	Det er ikkje kjennskap til at barn og unge bruker området.
SAMFUNN				
Teknisk infra- struktur	+1	+1	0/+1	Det ligg godt til rette for at foreslått utbyggingsområde kan kople seg på eksisterande infrastruktur.
Forhold til framtidig ut- byggings- strategi	+1	+2	+1	Både kommune og sentrale aktørar i området påpekar at dei ynskjer utviklinga skal konsentrerast rundt alpinanlegget. Foreslått område passersvært godt inn i overordna strategi.

SAMFUNNSTRYGGLEIK, ROS				
	Ikkje signifikant	Akseptabel	Uakseptabel	
Naturrisiko	Skredfare			Område ligg innanfor aktsemdsområde for snøskred og steinsprang. I samband med gjeldande kommunedelplan var det gjennomført ei overordna vurdering av skredfare. De tilgrensande utbyggingsområda vart i den vurdering vurdert til å liggje utanfor skredfare. Med bakgrunn i dette vurderer ein at nytt utbyggingsområde også ligg utanfor skredfare.
Verksemdrisiko				Ingen verksemdar
Beredskap				Brannutrykking frå Stordal, under 16 minutt køyretid. Området grensar til hovudveg og vil være lett tilgjengeleg.
Støy og ureining		Støy		Det føreligg ikkje tall på årstdøgntrafikk (ÅDT) langs den kommunale vegen, men noko lengre sør langs fylkesvegen er det i vegvesenets database registrert ein ÅDT på 320. Ein antar at ein har ei likt trafikkbilete langs den kommunale vegen. Bygg tett inntil hovudveg kan difor ligge i gul støysone. Støy må vurderast nærare ved detaljregulering.


Samla vurdering og konklusjon

Området er svært godt eigna til utbygging. Negative konsekvensar av utbygging vil være låge, og område er i tråd med overordna utbyggingsstrategiar.

Det vert vurdert som lite sannsynleg at det er uakseptabel risiko eller spesielt sårbare forhold knytt til området. Det må likevel gjerast ei vurdering av støy på reguleringsplannivå.

7.1.4 BFR7 - Fritidsbustader gnr/bnr 144/5

Eigedomen vert vurdert til fritidsbustader. Områder er i dag avsett til LNF og idrettsanlegg. Idrettsanlegget var tidlegare tenkt som eit aktivitetsområde tilknytt alpinanlegget.



Utsnitt av gjeldande kommunedelplan. Raude sirkelar markerer område.

Formål/bruk i dag	Området er i dagens arealplan avsett til idrettsanlegg og LNF.	Forslag til endring:
Planstatus	Ikkje reguleringsplan	
Forslag til ny arealbruk	Det er foreslått å regulere områda til fritidsbustader.	
Arealstorleik	14,6 daa	
Forslagsstillar	Skriftleg innspel: ProESS	
Skildring	Området ligg aust for alpinlegget, på nedsida av dagens parkeringsplassen. Område som er foreslått lagt ut til fritidsbustader er redusert i forhold til skriftleg innspel frå ProESS. Dette er av omsyn til skiløypetrase og moglegheita for å kunne utvide parkeringsplassen.	

Tema	Verdi	Om- fang	Konse- - kvens	Kommentar
MILJØ				
Jordvern	+1	-1	0/-1	Område ligg på areal som er registrert som open myr og myr med skog. Ein mindre del av området legg beslag på areal til innmarksbeite.
Natur- mangfald	+1	0	0	Det er ikkje registrert viktige naturtypar, eller truga/sårbare artar i området (Miljøstatus Norge).
Kultur- minner og kulturmiljø	0	0	0	Ingen registrerte kulturminne/kulturmiljø (Askeladden, gislink). I SEFRAK-registrert er det markert bygningsruinar i kantsona til foreslått utbyggingsområde.
Landskap	+1	0	0	Område ligg i tilknytning til hyttefelt, alpinanlegg og skiløypetrasear. Nærområdet ber preg av utbygging og utvikling.
Nærmiljø og friluftsliv	+1	0	0	Utvidingane legg ikkje beslag på viktige nærmiljø- eller friluftsområde. Men område grensar til ein parkeringsplass som er registrert som statleg sikra friluftsområde.
Barn og unge	+1	0	0	Det er ikkje kjennskap til at barn og unge bruker området.
SAMFUNN				
Teknisk infra- struktur	+1	+1	0/+1	Det ligg godt til rette for at foreslått utbyggingsområde kan kople seg på eksisterande infrastruktur.
Forhold til framtidig ut- byggings- strategi	+1	+2	+1	Foreslått område passer godt inn i overordna utviklingsstrategi.

SAMFUNNSTRYGGLEIK, ROS				
	Ikkje signifikant	Akseptabel	Uakseptabel	
Naturrisiko			Flaumfare	Delar av område ligg innanfor aktsemdsområde for snøskred og steinsprang. I samband med gjeldande kommunedelplan var det gjennomført ei overordna vurdering av skredfare. De tilgrensande utbyggingsområda vart i den vurdering vurdert til å liggje utanfor skredfare. Med bakgrunn i dette vurderer ein at nytt utbyggingsområde også ligg utanfor skredfare. Område er råka av aktsemdsområde for flaum. I samband med regulering må reell flaumfare vurderast
Verksemdrisiko				Ingen verksemdar
Beredskap				Brannutrykking frå Stordal, under 16 minutt køyretid. Området grensar til hovudveg og vil være lett tilgjengeleg.
Støy og ureining				Område er ikkje råka av støy eller ureining.


Samla vurdering og konklusjon

Området er eigna til utbygging. Negative konsekvensar av utbygging vil være låge, og område er i tråd med overordna utbyggingsstrategiar.


Det vert vurdert som lite sannsynleg at det er uakseptabel risiko eller spesielt sårbare forhold knytt til området. Det må likevel gjerast ei vurdering av flaumfaren i samband med regulering av området.

7.1.5 BFR3-5 - Fritidsbustader på eigedomane gnr/bnr; 144/11, 144/8-9 og 144/2

I gjeldande kommunedelplan for Nørdalen er området regulert til LNF og idrettsanlegg/alpinanlegg. I forslag til ny plan er det foreslått å regulere arealet til fritidsbustader.



Utsnitt av gjeldande kommunedelplan.

Formål/bruk i dag	Området er i dagens arealplan avsett til LNF og idrettsanlegg/alpinanlegg. Området er ikkje i bruk til landbruksverksemd.	<p>Forslag til endring:</p> 
Planstatus	Ikkje reguleringsplan	
Forslag til ny arealbruk	Det er foreslått å regulere området til fritidsbustader.	
Arealstorleik	Ca. 21,7 daa	
Forslagsstillar	Skriftleg innspel; ProESS, Stordal alpinsenter AS og Arena Overøye AS	
Skildring	Området ligg rett sør for alpinanlegget og grensar til kommunal veg. Områda ligg i forlenging av eksisterande utbyggingsområde, og er avgrensa av skiløypetraseen. Arealet er ikkje brukt til landbruksverksemd eller andre funksjonar av allmenn interesse.	

Tema	Verdi	Om- fang	Konse- - kvens	Kommentar
MILJØ				
Jordvern	+1	-1	o/-1	Deler av området er i arealressurskart registrert som innmarksbeite, men vert ikkje nytta til føremålet i dag. Den øvrige delen av området er skog.
Natur- mangfald	+1	-1	o/-1	Beitemark på deler av området. Ingen registrerte truga eller sårbare artar i området (Miljøstatus Norge).
Kultur- minner og kulturmiljø	o	o	o	Ingen registrerte kulturminner/kulturmiljø (Askeladden, gislink). På eigedom 144/11 er det ei SEFRAK-registrert løe/fjøs.
Landskap	+1	o	o	Område ligg i tilknytning til hyttefelt og alpinanlegg. Området ber preg av utbygging og utvikling.
Nærmiljø og friluftsliv	+2	o	o	Nørdalen er i seg sjølv eit viktig friluftsområde. Foreslått utbyggingsområde grenser til alpinanlegget, men det er avgrenset slik at det ikkje skal påverke løypenettet.
Barn og unge	+1	o	o	Det er ikkje kjennskap til at barn og unge bruker området.
SAMFUNN				
Teknisk infra- struktur	+1	+1	o/+1	Det ligg godt til rette for at foreslått utbyggingsområde kan kople seg på eksisterande infrastruktur.
Forhold til framtidig ut- byggings- strategi	+1	+2	+1	Nørdalen er eit satsingsområde for hyttebygging og friluftsliv. Både kommune og sentrale aktørar i området påpekar at dei ynskjer utviklinga skal konsentrerast rundt alpinanlegget.. Foreslått område passer svært godt inn i overordna strategi.

SAMFUNNSTRYGGLEIK, ROS				
	Ikkje signifikant	Akseptabel	Uakseptabel	
Naturrisiko			Jord- og flaumskred Snøskred	Område ligg delvis innanfor aktsemdsområde for jord- og flaumskred, samt innanfor aktsemdsområde for snøskred. Det vil være krav om reell farevurdering ved regulering av området.
Verksemdrisiko				Ingen verksemdar
Beredskap				Brannutrykking frå Stordal, under 16 minutt køyretid. Området grensar til hovudveg og vil være lett tilgjengeleg.
Støy og ureining		Støy		Bygg tett inntil hovudveg kan ligge i gul støysone. Støy må vurderast nærare ved detaljregulering.


Samla vurdering og konklusjon

Området vert vurdert som egna til utbygging av fritidsbustader. Negative konsekvensar av utbygging vil være låge, og området ligg tett på teknisk infrastruktur og er i tråd med overordna utbyggingsstrategiar.


Det vert vurdert som lite sannsynleg at det er uakseptabel risiko eller spesielt sårbare forhold knytt til området. Det må likevel gjerast ei reell farevurdering av forhold knytt til skred og støy på reguleringsplannivå.

7.1.6 BFR2 - Fritidsbustader på gnr/bnr 146/1 og 147/1 (tatt ut av plan etter offentlig ettersyn)

I gjeldande kommunedelplan for Nørdalen er området regulert til LNF.. I forslag til ny plan er det foreslått å regulere arealet til fritidsbustader.



Utsnitt av gjeldande kommunedelplan.

Formål/bruk i dag	Området er i dagens arealplan avsett til LNF. Området er ikkje i bruk til landbruksverksemd.	Forslag til endring: 
Planstatus	Ikkje reguleringsplan	
Forslag til ny arealbruk	Det er foreslått å regulere området til fritidsbustader.	
Arealstorleik	Ca. 100,7 daa	
Forslagsstillar	Skriftleg innspel: Hildegunn Berli, Dagfinn Berli og Harry Tøsse	
Skildring	Område ligg i nærleiken av Nakkesætra og er ei utviding av eit område som i gjeldande kommunedelplan er avsett til fritidsbustader. Gjeldande utbyggingsområde er ikkje utbygd. Det er ikkje etablert vegtilkomst til området.	

Tema	Verdi	Om- fang	Konse- - kvens	Kommentar
MILJØ				
Jordvern	+1	0	0	Området er registrert som skog i arealressurskart, men ligger delvis over skoggrensa. Området er ikkje i konflikt med jordverninteresser.
Natur- mangfald	+1	-1	0/-1	Det er ikkje registrert viktige naturtypar, eller truga/sårbare artar i området (Miljøstatus Norge).
Kultur- minner og kulturmiljø	+1	0	0	Nakkesætra er sikra som bevaringsverdig kulturmiljø i gjeldande kommunedelplan, men vil ikkje være direkte råka av foreslått utbyggingsområde.
Landskap	+2	-2	-2	Område ligger på et «platå» på sørsida av Nørdalen, og framstår som eit urørt naturområde. Den nordre delen av dette platået danner en markert silhuett i terrenget. Vegtilkomst og fritidsbustader vil kunne bli svært godt synleg for dei som ferdes langs dalen. Dette gjeld spesielt hytter som bryt silhuetten.
Nærmiljø og friluftsliv	+2	-1	-1	Nørdalen er i seg sjølv eit viktig friluftsområde. Nakkesætra er ikkje del av dei områda som er mest nytta til friluftsliv, men ei utbygging vil føre til nedbygging av eit område som i dag framstår som urørt.
Barn og unge	+1	0	0	Det er ikkje kjennskap til at barn og unge bruker området.
SAMFUNN				
Teknisk infra- struktur	+1	-2	-1	Det er ikkje infrastruktur som veg, vann og avløp innanfor området. Ved realisering vil det være naudsynt med omfattande vegutbygging. I samband med planarbeidet er det vurdert at det er mogleg å anleggje ein veg fram til området, men det er svært krevjande terreng å bygge i.
Forhold til framtidig ut- byggings- strategi	+1	0	0	Nørdalen er eit satsingsområde for hyttebygging og friluftsliv, men foreslått utbyggingsområde ligg eit stykke unna kjerneområdet for utvikling, som er rundt alpinanlegget.

SAMFUNNSTRYGGLEIK, ROS				
	Ikkje signifikant	Akseptabel	Uakseptabel	
Naturreisiko			Jord- og flaums kred Snøskred	Område er råka av aktsemdsområde for snøskred og jordskred. Det må stillast krav til ei farevurdering av område i samband med utarbeiding av reguleringsplan.
Verksemd- risiko				Ingen verksemdar
Beredskap		Utrykking		Brannutrykking frå Stordal, under 16 minutt køyretid. Per i dag er ikkje området tilgjengeleg.
Støy og ureining				Område er ikkje råka av støy eller ureining.

Samla vurdering og konklusjon

Det vil vere negative verknader ved å etablere fritidsbustader i området. Dette gjeld spesielt forhold knytt til landskap og infrastruktur.


Det er i gjeldande kommunedelplan vedtatt å leggje eit større areal ut til utbygging. Det nye område som vert vurdert i denne konsekvensutgreiinga er ei utviding av eksisterande utbyggingsområde. Sett i forhold til vedtatt utbyggingsområde vil ei utviding ikkje føre til ei vesentleg svekking av landskapsbilete eller friluftsområde. Utfordringar knytt til teknisk infrastruktur vil heller ikkje bli endra som følgje av utvidinga av området. med bakgrunn i dette vurderer ein difor av dei negative verknadane av ein utviding er akseptable.

Ved regulering bør ein vurdere behovet for ein samla reguleringsplan. Omfanget av utbygginga gjer at ein på detaljreguleringsnivå må vurdere om ein slik planen vil utløyse krav om konsekvensutgreiing.


Det må på reguleringsplan-nivå gjerast ei reell farevurdering av forhold knytt til skred.

7.1.7 BFR1 - Fritidsbustader for eigedommane 140/1, 140/2, 141/1 141/2

I gjeldande kommunedelplan for Nørdalen er området regulert til LNF. I forslag til ny plan er det foreslått å regulere arealet til fritidsbustader.



Utsnitt av gjeldande kommunedelplan.

Formål/bruk i dag	Området er i dagens arealplan avsett til LNF. Området er ikkje i bruk til landbruksverksemd.	Forslag til endring: 
Planstatus	Ikkje reguleringsplan	
Forslag til ny arealbruk	Det er foreslått å regulere området til fritidsbustader.	
Arealstorleik	Ca. 271,4 daa	
Forslagsstillar	Skriftleg innspel: Stig Nakken, Per Støle, Marit Lianes og Stein Lianes	
Skildring	Dette er eit større samanhengande areal som er knytt til gardsbruka på Lianes og Støle. Området som er vurdert er redusert i forhold til innspelet frå grunneigarane. Dette er gjort med bakgrunn i terrengets helling. (Terreng som er brattare enn 1:3 vert vurdert som lite egna til utbygging, dette spesielt med tanke på vegtilkomst.) Området er dekt av skog.	

Tema	Verdi	Om- fang	Konse- - kvens	Kommentar
MILJØ				
Jordvern	+1	0	0	Området er dekt av skog. Det er ikkje registrert jordverninteresser på foreslått utbyggingsområde.
Natur- mangfald	+2	-1	0/-1	Naturtypen bekkekløft og bergvegg er registrert innanfor området (Stølegjølet) og det er registrert tresorter som ask og alm. Ved utbygging vil Stølegjølet kunne unngås og en vurderer av omfanget av tiltaket kan avgrensast med tanke på naturmangfaldet.
Kultur- minner og kulturmiljø	+1	0	0	Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø innanfor området.
Landskap	+1	-1	-1	Tiltaket vil ha et avgrensa influensområdet og ikkje vere synleg frå dei mest attraktive natur- og friluftsområda i Nørdalen.
Nærmiljø og friluftsliv	+2	-1	-1	Området vil ikkje råke areal til nærmiljø eller friluftsliv.
Barn og unge	+1	0	0	Det er ikkje kjennskap til at barn og unge bruker området.
SAMFUNN				
Teknisk infra- struktur	+1	-1	-1	Det er ikkje infrastruktur som veg, vann og avløp innanfor området. Området kan vere krevjande med tanke på vegføring.
Forhold til framtidig ut- byggings- strategi	+1	0	0	Nørdalen er eit satsingsområde for hyttebygging og friluftsliv. Foreslått utbyggingsområde ligg eit stykke unna kjerneområdet for utvikling, som er rundt alpinanlegget.

SAMFUNNSTRYGGLEIK, ROS				
	Ikkje signifikant	Akseptabel	Uakseptabel	
Naturreisiko			Jord- og flaums kred Snøskred	Det er fare for jordskred knytt til bekkeløp gjennom området. arealet kan også være utsett for snøskred og steinsprang.
Verksemderisiko				Ingen verksemder
Beredskap		Utrykking		Brannutrykking frå Stordal, under 16 minutt køyretid. Per i dag er ikkje området tilgjengeleg.
Støy og ureining		Støy		Fritidsbustadar som etablerast nært fylkesvegen kan være råka av støy.


Samla vurdering og konklusjon

Det vil kunne vere negative verknader ved å etablere fritidsbustader i området. Størrelsen til området gjer at ein i reguleringsplanprosessen vil kunne tilpassa seg naturverdiar, og dermed redusera dei negative verknadane. Med bakgrunn i dette vurderer ein at konsekvensane av området er små.

Det må på reguleringsplan-nivå gjerast ei reell farevurdering av forhold knytt til skred.

7.1.8 BRU1 - Masseuttak på Mo (justert etter offentlig ettersyn) (justert etter avgrensning høring)

I gjeldende kommunedelplan for Nørdalen er området regulert til LNF, parkering og bustad.



Utsnitt av gjeldende kommunedelplan.

Formål/bruk i dag	Området er i dagens arealplan avsett til LNF, parkering og bustad	Forslag til endring:
Planstatus	Ikkje reguleringsplan	
Forslag til ny arealbruk	Det er foreslått å regulere området til masseuttak/råstoffutvinning.	
Arealstorleik	Ca. 31,1 23,9 daa 34 daa	
Forslagsstillar	Skriftleg innspel: Kjell Magne Moe	
Skildring	Området er i dag avsett til parkering, bustad og LNF, men er ikkje nytta til byggeføremåla. Arealet grensar til fulldyrka mark. Deler av arealet er tatt i bruk til råstoffutvinning.	

Tema	Verdi	Om- fang	Konse- - kvens	Kommentar
MILJØ				
Jordvern	+2	0	0	Området grensar til fulldyrka mark og vil leggje beslag på areal registeret som innmarksbeita. Avgrensing av området gjer at konsekvensane for den fulldyrka marka er mindre ved etablering av masseuttak enn ved etablering av bustader som ligg i gjeldane kommunedelplanplan.
Natur- mangfald	+2	-1	-1	Naturtypen naturbeitemark er registrert i området. registrering er frå 2000. det heiter i vurderinga at området er svært viktig, men sårbart for attgroing og beite bør takast opp snarast. En kjenner ikkje tilstanden til området i dag.
Kultur- minner og kulturmiljø	+1	0	0	Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø innanfor området.
Landskap	+1	-1	-1	Tiltaket vil ha et avgrensa influensområdet og ikkje vere synleg frå attraktive natur- og friluftsområda i Nørdalen.
Nærmiljø og friluftsliv	+1	0		Det går ein turvegtrase/sti på oversida av uttaksområde, men denne er ikkje råka av området.
Barn og unge	+1	0	0	Det er ikkje kjennskap til at barn og unge bruker området.
SAMFUNN				
Teknisk infra- struktur	+1	+1	0/+1	Område ligg tett på hovudvegnettet for transport av massar.
Forhold til framtidig ut- byggings- strategi	+1	0	0	Tiltaket er ikkje i konflikt om utviklingsplanane for Nørdalen


SAMFUNNSTRYGGLEIK, ROS				
	Ikkje signifikant	Akseptabel	Uakseptabel	
Naturreisiko		Snø- og steinskred		Delar av området ligg innanfor aktsemdområde for snø- og steinskred.
Verksemdrisiko				Ingen verksemdar
Beredskap				
Støy og ureining			Støy	Det må gjennomførast ei støyvurdering i forhold til omkringliggende busetnad.

Samla vurdering og konklusjon


Det må stillast krav om reguleringsplan for utviding av masseuttaket. I denne planen må spesielt støy og omsyn til naturmangfaldet vurderast nærare.

7.1.9 Skytebane på Jøsvoll (motsegn støy og tilkomst)

I gjeldande kommunedelplan for Nørdalen er området regulert til LNF.



Utsnitt av gjeldande kommunedelplan.

Formål/bruk i dag	Området er i dagens arealplan avsett til LNF	Forslag til endring: 
Planstatus	Ikkje reguleringsplan	
Forslag til ny arealbruk	Det er foreslått å regulere området til skytebane	
Arealstorleik	Ca. 25,4 daa	
Forslagsstillar	Skriftleg innspel: Stordal skyttarlag	
Skildring	Området er i dag avsett til LNF. Arealet ligg på Jøsvoll, på sørsida av elva. Området består i dag av skog. Skytebana er tenkt i bruk i samband med jakt.	

Tema	Verdi	Om- fang	Konse- - kvens	Kommentar
MILJØ				
Jordvern	+1	0	0	Området er dekt av skog og er ikkje i konflikt med landbruksinteressar.
Natur- mangfald	+1	-1	0/-1	Naturtypen naturbeitemark er registrert i området. Registrering er frå 2000. Det heiter i vurderinga at området er viktig, men sårbart for attgroing og beite/slått bør takast opp. Ein kjenner ikkje tilstanden til området i dag. Naturtypen er ikkje i direkte konflikt med skytebana
Kultur- minner og kulturmiljø	+1	0	0	Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø innanfor området.
Landskap	+1	-1	-1	Tiltaket vil ha et avgrensa influensområde og vil vere godt skjerma for omgjevnadene.
Nærmiljø og friluftsliv	+1	0		Området er ikkje i konflikt med friluftsliv eller nærmiljøet.
Barn og unge	+1	0	0	Det er ikkje kjennskap til at barn og unge bruker området.
SAMFUNN				
Teknisk infra- struktur	+1	0	0	Tiltaket krev lite infrastruktur. Det er anlagt ei bru over elva.
Forhold til framtidig ut- byggings- strategi	+1	0	0	Tiltaket er ikkje i konflikt om utviklingsplanane for Nørdalen


SAMFUNNSTRYGGLEIK, ROS				
	Ikkje signifikant	Akseptabel	Uakseptabel	
Naturreisiko		Snø- og steinskred		Området ligg innanfor aktsemdområde for snø- og steinskred. Tiltaket er i liten grad utsett for snø- og steinskred.
Verksemdrisiko				Ingen verksemdar
Beredskap				
Støy og ureining			Støy	Vi kjenner ikkje til omfanget av støy knytt til skyteaktiviteten. Det må difor gjennomførast ei støyvurdering i forhold til omkringliggende busetnad.

Samla vurdering og konklusjon


Ved etablering av skytebana må omfanget av støy knytt til skyteaktiviteten vurderast og dokumenterast. Tiltaket vurderast elles til ikkje å være i konflikt med omgjevnadene og utviklingsplanane for Nørdalen.

7.1.10 BSA1 - Botnstasjon til gondol (område er teke ut etter avgrensa høyring)

I gjeldande kommunedelplan for Nørdalen er området regulert til LNF.



Utsnitt av gjeldande kommunedelplan.

Formål/bruk i dag	Området er i dagens arealplan avsett til LNF	Forslag til endring: 
Planstatus	Ikkje reguleringsplan	
Forslag til ny arealbruk	Det er foreslått å regulere området bunnstasjon for gondol	
Arealstorleik	Ca. 16,6 daa	
Forslagsstillar	Skriftleg innspel: Stordal alpinsenter AS og Arena Overøye AS	
Skildring	Området er i dag avsett til LNF. Arealet ligg i enden av eit grønt areal som i gjeldande kommunedelplan er sikra til gondoltrase'. Det er i gjeldande planar skissert ein framtidig heis i traseen.	

Tema	Verdi	Om- fang	Konse- - kvens	Kommentar
MILJØ				
Jordvern	+1	-1	0/-1	Området består av skog og myr. Arealet grensar til dyrka mark.
Natur- mangfald	+1	0	0	Det er ikkje registrert viktige naturtypar eller sårbare artar innanfor området. ein eventuell gondol vil passere over eit areal med naturtypen rikmyr.
Kultur- minner og kulturmiljø	+1	0	0	Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø innanfor området.
Landskap	+1	-1	0/-1	Tiltaket vil ligge i nærleiken av andre utbyggingsområde og botnstasjon vil ikkje være dominerande i landskapet. Prinsippet om gondol er vidareført frå gjeldande plan og landskapsverknaden av den er ikkje vurdert i forbindelse med rullering av kommunedelplanen.
Nærmiljø og friluftsliv	+1	0		Området er ikkje i konflikt med friluftsliv eller nærmiljøet.
Barn og unge	+1	0	0	Det er ikkje kjennskap til at barn og unge bruker området.
SAMFUNN				
Teknisk infra- struktur	+1	0	0	Tiltaket ligg tett på hovudvegnettet og vil enkelt kunne knytte seg til øvrig infrastruktur.
Forhold til framtidig ut- byggings- strategi	+1	0	0	Tiltaket er i samsvar med ønska utviklingsstrategi og mogleggjer ei vidareutvikling av alpinanlegget.

SAMFUNNSTRYGGLEIK, ROS				
	Ikkje signifikant	Akseptabel	Uakseptabel	
Naturreisiko			Jordskred	Området ligg aktsemdsområde for jordskred. Reel skredfare må vurderast ved detaljregulering av området.
Verksemdrisiko				Ingen verksemdar
Beredskap		Utrykking		Uttrykking frå Stordal, under 16 minutt køyretid. Per i dag er ikkje området tilgjengeleg.
Støy og ureining		Støy		Støy frå heishus


Samla vurdering og konklusjon

Stordal kommune meiner endringa som vert forslått samsvarar med intensjonane i gjeldande plan. En vil likevel understreke at det må stilles krav om detaljreguleringsplan. Dette reguleringsarbeidet skal gjerast som del av ein større heilskapleg plan for utvikling av alpinanlegget. Ein slik plan vil krevje konsekvensutgreiing av blant anna støy, naturmiljø og landskapsbilete. Reell skredfare må også vurderast i samband med reguleringsplanarbeidet.


Området vert tatt inn i planen, men med krav om ein samla reguleringsplan for alpinanlegget. Det vil bli krav om konsekvensutgreiing ved utforming av reguleringsplan.

7.1.11 Framtidig samleveg

I gjeldande kommunedelplan for Nørdalen er området regulert til LNF.



Utsnitt av gjeldande kommunedelplan.

Formål/bruk i dag	Området er i dagens arealplan avsett til LNF	Forslag til endring: 
Planstatus	Ikkje reguleringsplan	
Forslag til ny arealbruk	Det er foreslått å regulere området til samleveg	
Arealstorleik	-	
Forslagsstillar	Stordal kommune	
Skildring	Det er behov for ein ny tilkomst til området. Ny tilkomst er foreslått frå kommunal veg i Seljebotnen, vidare må den krysse elva å førast vidare i retning Langhaugen.	

Tema	Verdi	Om- fang	Konse- - kvens	Kommentar
MILJØ				
Jordvern	+1	0	0	Vegen vil ikkje vere i konflikt med landbruksinteresser.
Natur- mangfald	+1	0	0	Det er ikkje registrert viktige naturtypar eller truga artar i området. Vegen vil krysse elva.
Kultur- minner og kulturmiljø	+1	0	0	Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø innanfor området.
Landskap	+1	-1	-1	Tiltaket vil ha et avgrensa influensområdet og vil vere lite skjemmande for omgjevnadene.
Nærmiljø og friluftsliv	+1	0		Området er ikkje i konflikt med friluftsliv eller nærmiljøet.
Barn og unge	+1	0	0	Det er ikkje kjennskap til at barn og unge bruker området.
SAMFUNN				
Teknisk infra- struktur	+1	0	0	Tiltaket vil betre infrastrukturen og tilkomsten til Langhaugen og framtidige fritidsbustader.
Forhold til framtidig ut- byggings- strategi	+1	0	0	Tiltaket er ikkje i konflikt om utviklingsplanane for Nørdalen

SAMFUNNSTRYGGLEIK, ROS				
	Ikkje signifikant	Akseptabel	Uakseptabel	
Naturreisiko			Flaum	Området ligg i stor grad utanfor aktsemd-område for snø- og steinskred. Det er gjennomført ei skredfarekartlegginga i samband utlegging av hytteområde i gjeldande plan. Risikoen er vurdert som akseptabel. Det må gjerast vurdering av flaumfaren der veggen vil krysse elva.
Verksemd-risiko				Ingen verksemd-er
Beredskap				Veggen vil gje betre tilkomst til område.
Støy og ureining				Veggen vil auke støynivået i området, men trafikkmengda vil vere låg.

Samla vurdering og konklusjon

Veggen vil betre tilkomsten til området og vil i liten grad føre til negative konsekvensar.

Veggen må regulerast og prosjekterast før realisering. I samband med reguleringsplan må vassføring og flaumfare vurderast nærmare.

8 Samla verknad av planforslaget

8.1 Samla verknader etter utgreiingstema

Jordvern

Planforslaget vil i liten grad ha negative verknadar for landbruket. Det er ikkje foreslått nye utbyggingsområde som vil legge beslag på dyrka mark. I området rundt alpinanlegget er det foreslått å omdisponere areal som før har vært nytta til innmarksbeite til fritidsbustad. Dette er mindre areal som ligg tett på eksisterande hytteområde og er lite egna som beiteareal i dag.

Naturmangfald

Kunnskapsgrunnlaget går fram av punkt 6.1.2. Førre-var-prinsippet må leggjast til grunn der kunnskapen ikkje er tilstrekkeleg til å vite kva verknad tiltaket har på naturmangfaldet. For enkelte område i planforslaget vil det derfor være naudsynt med ytterlegare vurderingar i samband med detaljregulering av område. Dette gjeld i hovudsak masseuttak på Mo og område for fritidsbustader på Lianes/Støle. Det må også poengterast at Nørdalen er del av eit verna vassdrag.

Ut over dette legg ein til grunn at det ikkje er registrert særlege verdiar som vert råka innanfor området. Det vil vere behov for ytterlegare kunnskapsgrunnlag for å ta stilling til verknadene av planforslaget. Dette gjeld punkta som er påpeka å avsnittet over.

Det er lite truleg at planforslaget vil gjere irreversibel skade på naturmangfaldet. Det er ikkje større sannsynleg gevinst for naturmangfaldet ved å lokalisere dei planlagde tiltaka andre stader i området. Området er ut frå ei totalvurdering god egna for dei anbefalte utbyggingsområda.

Kulturminne og kulturmiljø

Basert på kjent kunnskap kan ein ikkje sjå at planforslaget i konflikt med kulturminne eller kulturmiljø. Kjente kulturminne er sikra i plankartet.

Landskap

All utbygging vil påverke landskapet. Utbygging i Nørdalen er i stor grad foreslått i den øvre delen av dalføret, og vil være ei fortetting av utbyggingsområda som allereie er etablert. I tillegg er det foreslått to utbyggingsområder litt lengre ned i dalen på Nakkesætra og Lianes/Støle. Område på Nakkesætre er ei utviding av eksisterande utbyggingsområde. Sett i forhold til gjeldande utbyggingsområde vil ikkje utvidinga ha betydelege negative konsekvensar for landskapet. Område på Lianes/Støle vil i liten grad påverke dei viktigaste naturområda, og har mindre negativ verknad på det overordna landskapsbilete.

Samle vurderer ein at det overordna landskapsbilete i liten grad er råka av planforslaget.

Nærmiljø og friluftsliv

Nørdalen er eit viktig utfartsområde for ein heil region. Dei viktigaste friluftsområda er sikra ved å legge opp til fortetting i dei meste attraktive hytte- og turområda, framfor å spreie utbyggingsområda ytterlegare. Vidare vert det tilrettelagt for nye skiløypetrasear og utbetring av alpinanlegget.

Auka aktivitet og auka utbygging vil endre området karakter over tid. For enkelte kan dette opplevast som ei svekking av nærmiljøets kvalitetar. Med bakgrunn i vurderingane som er gjort i planarbeidet kan ein likevel ikkje sjå at nye utbyggingsområde vil øydelegge eller leggje føringar for område som vert nytta til tur- og friluftsliv i dag.

Barn og unge

Planforslag vil ikkje øydelegge areal nytta av barn og unge. Auka tilrettelegging for aktivitet kan derimot betre aktivitetstilbodet for ein heil region.

Teknisk infrastruktur

Konsentrasjonen av foreslått utbygging vil være knytt til eksisterande utviklingsområde. Det vil i dei fleste tilfella ligge godt til rette for å kople seg til naudsynt infrastruktur. Unntaket er Nakkesætra.

I samband med planprogrammet vart det påpeka at fylkesveg 101 ikkje er held ein tilfredsstillande standard. Dette gjeld i all hovudsak på store utfartsdagar med mykje trafikk. Høgt fartsnivå og høge brøytekantar gjer at dei som oppheld seg langs eller i nærleiken av vegen opplever den som uttrygg. Vegen har også klare grenser for tungtransport, noko som gjer at det er vanskeleg å drive eit aktivt og effektivt skogbruk i Nørdalen. Undervegs i planarbeidet så er desse problemstillingane diskutert med Statens vegvesen. Sjølv om ein forventar at trafikken vil auke, så har ein konkludert med at ein ikkje ynskjer å stille krav til utbetring av vegen i kommunedelplanen.

I enkelte område er det konflikt mellom bilveg og skiløyper. Auka trafikk vil forverre dette. Det er difor viktig i den vidare tilrettelegginga og utbygginga at det er fokus på denne utfordringa. Som hovudregel bør ein forsøke å skilje dei ulike interessa. Der dette ikkje er mogleg må ein leggje opp til trafiksikre løysingar som er utforma på skiløparanes premisser.

Forhold til framtidig utbyggingsstrategi

Planen legg til rette for auka etablering av fritidsbustader konsentrert rundt alpinanlegget. Samstundes legg ein i liten grad beslag på viktige friluftsområde. Auka aktivitet og tilrettelegging er ei ynskja utvikling, og planen er vurdert til å være i tråd med utviklingsstrategien for Nørdalen.

Andre konsekvensar av planen

For Stordal er aktiviteten i Nørdalen svært viktig. Tilboda i dalen tiltrekker seg folk frå heile regionen og aktivitet som følgje av dette gjer arbeid for lokale aktørar. Tilrettelegging for auka aktivitet og fleire besøkande vil også i framtida være viktig for det lokale næringslivet.

8.2 ROS-analyse

Det vil for fleire av områda være behov for å vurdere skred- og flaumfaren ved detaljregulering av områda. I tillegg vil det for enkelte utbyggingsområde kunne bli krav om støytgreiing.